



Hemsedal kommune

## Møtereferat

---

**Referatdato:** 03.03.2020      **Møtedato:** 20/00285-2      **Referanse:**

**Mottakarar:**  
Jan Olav Helling/Rådmann; Pål Terje Rørby/Ordførar; Ola K Frogner

**Referent:**  
Jørn Magne Forland

**Kopi:**

---

### Referat frå klimarådet i februar

Tid og stad:  
26.02.2020 kl 13-14.

Tilstades:  
Pål Terje Rørby, Jan Olav Helling, Ola K Frogner, Jørn Magne Forland

Invitere som møtte:  
Skistar v/ Martin Letzter og HTTL v/ Richard Taraldsen

Punkt	Beskrivelse	Ansvarleg	Frist
1	<b>Orientering om satsing på sertifisering som berekraftig reisemål v/ Richard Taraldsen</b> Saman med resten av Hallingdalskommunane (med unntak av Hol kommune) jobbar destinasjonsselskapet (HTTL) mot å verte sertifisert som berekraftig reisemål, ein prosess som er venta å ta 18 mnd. Ein er no i fase 1 som går fram til oktober 2020. Intern ressurs (35 %) jobbar med dette. Dei siste 12mnd skal det avsettaast 60 % arbeidsressurs saman med prosessvegleiar. Regionrådet er prosjektleiar. Det er viktig at Hemsedal kommune også sett av ressursar i arbeidet. Eit berekraftig reisemål vert vurdert opp mot 197	HTTL med kommunen som samarbeidspart	I løpet av 2021

	indikatorar (herav mange som omfattar klima og miljø).		
2	<p><b>Skistar Hemsedal sin miljøvisjon v/ Martin Letzter</b></p> <p>Skistar Hemsedal er svært opptekne av å ta vare på det som er sjølve kjerna i produkta dei markedsfører og lever av; nemleg den reine, friske og upåverka fjellnaturen med eit rikt biologisk mangfold.</p> <p>Visionen er at det skal vere betre for klima og miljø å komme til Hemsedal enn å vere heime. For å oppnå dette jobbar Skistar kontinuerleg med å verte utsleppsnøytrale og dette skal skje ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nutte bioenergisentralen til oppvarming av bygg, dette gjeld for eksisterande bygg og for nye.</li> <li>- Energieffektivisering (nybygg)</li> <li>- Grøn elektrisitet og reduksjon av straum i snøproduksjonen (inntil 70 %).</li> <li>- Innføring av biodiesel på kjøretøy (preppemaskiner og traktorer mm).</li> <li>- Vidare samarbeid med VY om korresponanse tog/buss og mogelegheit for ein billett for heile reisa.</li> <li>- Utbygging av fleire ladepunkt for el-bilar og favorisere p-plassar for elbilar nærmast skianlegget.</li> </ul> <p>Tema som vi ikkje kom innom; Skistar sitt fokus på biologisk mangfold, sirkulær ressursutnyttelse, vann m.m.</p> <p>Skistar Hemsedal har sitt eige registreringssystem for klimagassutslepp.</p> <p>Elles so er Skistar oppteken av at kommunen vert ein aktivt pådrivar for at nærliggande bygg og kommande utbyggingar tek i bruk bioenergisentralen for slik å avlaste el-nettet og gi et mindre negativt klimaavtrykk.</p>	Skistar Hemsedal	Løpande
3	<p><b>Generelt om tiltak innan klima og miljø frå HTTL/Skistar</b></p> <p>Jobbe for at turistar som kjem til Hemsedal kan la bilen sin stå under opphaldet - fortetting av bustad/service/tilbod. Det er meir fornuftig enn å avsette mykje areal til p-areal.</p> <p>Eventuelt oppretting av bilpoolar slik at man kan ta tog</p>	HTTL og Skistar	Løpande

	og buss t/r Hemsedal og leie bil under opphaldet dersom det er behov		
--	---	--	--

Hemsedal, 03.03.2020

Med helsing

Jørn Magne Forland

Referent